

## 30 swinga seg i Helgheim

06.02.2011



Frå starten var det 20 som swinga seg i Helgheim i kveld., men flokken av danseglade auka etter kvart til 30.

**Dermed kan Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland, som har teke initiativet til swing på sundagane og dansar sentralt på biletet, seie seg godt fornøgde med oppslutnaden også om dansekveld nummer 2. 20 var med under den første kvelden.**

Det kom fleire frå Uskedalen enn sist men det var også danseglade frå store delar av Kvinnherad i det tradisjonsrike lokalet.

- Det kjem nok fleire etter kvart som kvelden lir på, sa Berit Harriet. Og ho fekk altså rett. Nokre kom sogar rett frå Syden!

Og kva var å finna på reportoaret?. Mykje dansbar musikk spela av band frå Oppland og Hedmark. Det er ikkje til å unngå!

(Foto: Ola Matti Mathisen)